

# VITSKAP I SENTRUM

NTNU Vitskapsmuseet

Vedteke av museet sitt styre 25.06.2018

# Rettleiing for lesing

NTNU sin strategi 2018-2025 «Kunnskap for ei betre verd» er overbygninga for NTNU Vitskapsmuseet sin strategi.

Strategidokumentet er inndelt i tre delar.

**Del 1** inneholder visjon, verdiar, samfunnssoppdrag, utfordringar og overordna målbilete. NTNU og museet sin visjon og verdiar er identiske.

**Del 2** presenterer kjerneoppgåvene til NTNU Vitskapsmuseet; vitskaplege samlingar, utdanning og læringsmiljø, forsking og formidling.

**Del 3** handlar om innsatsområde med tema på tvers av kjerneoppgåvene; arbeidsmiljø og utviklingsevne, berekraft, campusutvikling, digitalisering, innovasjon og nyskaping samt regional rolle. Desse vert lista i alfabetisk rekkefølge.

Del 2 og 3 omfattar strategien. Her blir situasjonen NTNU Vitskapsmuseet ønskjer å være i ved utgangen av strategiperioden skildra. Under kvart område er viktige utviklingsmål for museet i perioden formulert.

Strategiane og utviklingsmåla kopla til desse skal bidra til å realisere museet sine overordna mål slik det går fram i kapittelet «Målbiletet – NTNU Vitskapsmuseet 2025».

Det skal utarbeidast treårige tiltaksplanar tufta på strategien.

# 01

<b>Visjon, verdiar, samfunnsoppdrag, utfordringsbilete og overornda målbilete.....</b>	<b>4</b>
Vår visjon.....	6
Våre verdiar .....	7
Vårt samfunnsoppdrag .....	8
Utfordringsbilete 2018 .....	9
Målbiletet NTNU Vitskapsmuseet 2025.....	10

# 02

<b>Kjerneoppgåver.....</b>	<b>12</b>
Våre vitskaplege samlingar .....	14
Vår forsking.....	15
Vår formidling .....	16
Vår utdanning og vårt læringsmiljø.....	17

# 03

<b>Utvalde innsatsområde.....</b>	<b>18</b>
Arbeidsmiljø og utviklingsevne .....	20
Berekraft.....	20
Campusutvikling .....	21
Digitalisering.....	21
Innovasjon og nyskaping.....	22
Regional rolle.....	23

VÅR VISJON  
VÅRE VERDIAR  
VÅRT SAMFUNNSOPPDRAg  
UTFORDRINGSBILETE 2018  
MÅLBILETET NTNU VITSKAPSMUSEET 2025

# 01



# VÅR VISJON: KUNNSKAP FOR EI BETRE VERD

Kunnskap gir menneske mulegheit og innflyting, og er eit fundament for gode val. Kunnskap inspirerer og utfordrar, endrar haldningar, tenkemåtar og korleis vi ser på verda kring oss. Demokratiet blir styrkt av ein opplyst debatt. Kunnskap utvikla ved NTNU skal kome fellesskapet til gode, og ein skal være trygg på at kunnskap frå NTNU er utvikla i tråd med normer for utvikling av god vitskap.

Kunnskap og teknologiutvikling gir høve til å auke den berekraftige verdiskapinga og finne svar på store utfordringar. Verda har gjennom FN blitt einige om 17 berekraftsmål. NTNU vil bidra aktivt til å nå desse berekraftsmåla.

NTNU sin styrke er vår teknisk-naturvitenskaplege hovudprofil kombinert med fagleg breidde og tverrfagleg samarbeid. NTNU Vitskapsmuseets set vitskap i sentrum. Vitskapsmuseet sine særskilde styrkar er kunnskapskjeldene i dei vitskaplege samlingane, vår tverrfaglege kompetanse, at vi er sentralt plassert og vår lange kunnskapstradisjon. Desse fortinna vil vi bygge vidare på for å nå visjonen og målet om «Kunnskap for ei betre verd».

# ○ VÅRE VERDIAR

Vitskapsmuseet er medlem av ICOM (The International Council of Museums) og har gjennom dette sluttat oss til eit felles etisk regelverk. Standardar for museum og museumsarbeidrarar sin praksis og yrkesfaglege åtferd er fasett i dette regelverket.

NTNU sine verdiar er retningsgjevande for alle medarbeidrarar og studentar, og verdiane vil prege åferda vår. Arbeidet vårt er fundert på fire verdiar: kreativ, kritisk, konstruktiv og respektfull.

## KREATIV

NTNU si verksemd er tufta på akademisk fridom. Vi gir oss i kast med utfordrande spørsmål og oppgåver og søker innovative løysingar med bakgrunn i heile vår faglege breidde. Ved NTNU får fag, menneske og kulturar utvikle seg. Vi verdset og stimulerer til innovasjon blant studentar og tilsette og til nyskapande undervisning, forsking og kunstnarisk verksemd.

## KRITISK

Vår verksemd bygger på grunnleggande demokratiske verdiar og vi representerer ein fordomsfri og uavhengig stemme. Vår akademiske kultur er kjenneteikna av debatt, kritisk refleksjon, faktabasert kunnskap, saklegheit og høgt etisk medvit. Vi utfordrar konvensjonelle idear og løysingar.

## KONSTRUKTIV

Vi er i open og løsningsorientert dialog med omverda, og vektlegg samhandling eksternt og internt. Vi tar samfunnsansvar og påverkar, korrigerer og utviklar kvarandre og omgjevnadene gjennom dialog og formidling av kunnskap. NTNU vektlegg medbestemming og aktiv medverknad frå studentar og tilsette.

## RESPEKTFULL

Alle tilsette og studentar har eit ansvar for å medverke til eit arbeids- og studiemiljø prega av respekt og omtanke. Vi legg til rette for personleg vekst og kompetanseutvikling. Vi medverkar til mangfold og jamstilling i samfunnet og i eiga verksemd, og vi løfter fram likeverd og toleranse. Ved NTNU viser vi respekt for ulike haldningar og meininger.

# VÅRT SAMFUNNSOPPDRAg

NTNU Vitskapsmuseet utviklar og deler kunnskap om natur, kultur og vitskap som grunnlag for en berekraftig samfunnsutvikling. Museet sikrar og forvaltar dei vitskaplege samlingane og aktiverer dei gjennom forsking, formidling og undervisning.

## Vårt generelle oppdrag

Lov om universiteter og høyskoler  
(universitets- og høyskoleloven):

§ 1-4. Særleg ansvar for enkelte institusjonar

(2) Universitetet i Bergen, Universitetet i Oslo, Universitetet i Tromsø – Norges arktiske universitet, Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet og Universitetet i Stavanger har et særskilt nasjonalt ansvar for å bygge opp, drive og vedlikeholde museer med vitenskapelige samlinger og publikumsutstillinger.

NTNU sitt samfunnsoppdrag (utdrag  
frå strategi 2018-2025):

*«Vi har også et ledende universitetsmuseum med unike vitenskapelige samlinger og publikumsutstillinger.»*

Ei av oppgåvene til universitetet, og dermed også oss er å delta i ein kunnskapsbasert offentleg debatt. Vi bruker vår kunnskap til beste for samfunnet. Vi engasjerer oss i å løyse globale utfordringar og i å oppfylle FN sine berekraftmål.

## Vårt særlege oppdrag

NTNU Vitskapsmuseet er ein av Norges leiande institusjonar for å sikre, ta vare på, formidle og forske på natur- og kulturhistoriske samlingar. Vitskapsmuseet har profesjonsretta utdanning innom arkeologi, og har som landsdelsmuseum omfattande forvaltingsoppgåver i medhald av kulturminnelova.

Dette fører med seg arkeologiske undersøkingar marint og på land i vårt forvaltningsområde, samt ansvar for konservering og ivaretaking av gjenstandar regulert av lova.

Vitskapsmuseet har føremon av å være del av eit teknisk- naturvitenskapleg universitet og av å være eit universitetsmuseum. Dette sikrar god integrasjon mellom forsking, forvaltning og formidling.

NTNU Vitskapsmuseet er NTNU sitt sentrale utstillingsvindauge midt i Trondheim, og har fått eit særleg ansvar av NTNU for formidling til ålmenta. Vitskapsmuseet medverkar til dette med vår natur- og kulturhistoriske profil, og med stor vekt på tverrfaglege perspektiv og samarbeid.

# UTFORDRINGSBILETE 2018

Vi ser særleg fire utfordringar som vil vere viktige for NTNU Vitskapsmuseet i strategiperioden fram til 2025:  
Utfordrande magasinsituasjon, skjerpa konkurranse, forventningar om styrka samspel med samfunnet, og bygging av sterkare kultur for endring.

## Utfordrande magasinsituasjon

NTNU Vitskapsmuseet har gjennom fleire år hatt utfordringar både når det gjeld kapasitet og kvalitet på magasin for dei vitskaplege samlingane. Regjeringa har vedteke at forbetringar skal skje gjennom NTNUs campusprosjekt. På kort sikt er utfordringane for NTNU og museet å møte krava i høve til lova om forsvarleg forvaltning av dei vitskapelege samlingane, i ei svært utfordrande magasinsituasjon. På noko lengre sikt er NTNU og museet si utfordring å etablere forsvarlege magasin som også oppfyller ønsket om betre tilgang både for ålmenta og forskarane.

## Skjerpa konkurranse

NTNU Vitskapsmuseet vil oppleve skjerpa konkurranse framover, både med omsyn til rekruttering og innhenting av midlar. Konkuransen vil også bli meir internasjonal. Museet må utvikle framifrå forskingsmiljø på område der vi har spisskompetanse og særlege føresetnader. Museet i det heile vil møte ein økonomisk situasjon prega av auka konkurranse om ressursar og kompetanse internt og eksternt, og med større krav om ekstern finansiering.

## Forventningar om styrka samspel med samfunnet

NTNU Vitskapsmuseet har i generasjonar vore ein viktig kunnskapsleverandør for lokal og regional forvaltning, og slik også ein premissleverandør for berekraftig samfunnsutvikling. Museet, som er eit av Noregs best besøkte museum, har også ein viktig rolle som formidlingsaktør. Det er store forventningar til at både personalet og samlingane på museet er synlege, ikkje berre i Trondheim, men i heile Midt-Norge. Vi registrerer også ei auka forventning frå samfunnet om at forskarane tar del i samfunnsdebatten.

## Bygge sterkare kultur for endring

NTNU Vitskapsmuseet må gjere ein innsats for at vi skal hevda oss i konkurransen om dei beste folka og dei beste samarbeidspartnerane. Vi må utvikle vidare og i enda større grad profesjonalisere verksemda vår, og være målretta i oppbygging av kompetanse som kan sikre oss internasjonal forskingsfinansiering. Vitskapsmuseet skal møte forventningane frå eit kreativt arbeidsmiljø om å skape faglege utfordringar som gjer det attraktivt for alle tilsette å arbeide ved museet.

# MÅLBILETET **NTNU VITSKAPSMUSEET** **2025**

I 2025 er NTNU Vitskapsmuseet eit internasjonalt akta universitetsmuseum, avdi vi har brukt moglegheitene ved å være del av eit universitet med verdsleiane teknologiske miljø. Vi er del av det største universitetet i landet, vi er NTNU sin spydspiss på formidling, og vi har eit nasjonalt ansvar som landsdelsmuseum.

I 2025 har Vitskapsmuseet fått realisert både nye utstillingsareal, og løyst magasinsituasjonen for dei vitskapelege samlingane. Dette har endra vår posisjon slik at vi lettare trekker til oss både vanleg publikummarar og forskrarar som ønsker å samarbeide med oss. Vi er nasjonalt førande på digital deling og ein føretrekt visningsstad for internasjonale vandreutstillingar. Vi har styrka Kalvskinnet som kunnskaps- og kulturbydel og er ein sentral møteplass mellom NTNU og byen.

Dei vitskapelege samlingane ved NTNU Vitskapsmuseet er kjernen i vår verksemد. I 2025 har vi styrka og aktivert samlingane som viktig kunnskapsgrunnlag og forskingsinfrastruktur. Vi har sikra at samlingane blir teke vare på og utvikla for framtida, og vi har gjort resten av NTNU merksame på potensialet som ligg i samlingane våre.

NTNU Vitskapsmuseet har ein tverrfagleg kompetanse med vekt på natur- og kulturhistorie. Vi er ein attraktiv forskingspartner og aktiv kunnskapsprodusent på høgt internasjonalt nivå for eit berekraftig natur- og kulturmiljø. I 2025 har vi nådd vårt mest ambisiøse mål; begge våre institutt har fagmiljø på eit dokumentert høgt internasjonalt nivå innom minst eitt av sine respektive kjerneområde.

Vi er i leinga nasjonalt på arkeologiske undersøkingar, og er ein attraktiv samarbeidspartner for kulturminneforvaltninga.

Studentane opplever ei praksisnær utdanning, med høve til fagleg og sosial utvikling, feltarbeid og medverknad i forskingsgrupper og forvalningsprosjekt. Arbeidsgjevarar veit at dei får gode kandidatar frå oss, og studentane veit at dei får ein fagleg og praktisk bakgrunn dei vil ha nytte av.

Vitskapsmuseet har eit særskilt formidlingsansvar for NTNU. Dette får vi til gjennom fysiske og digitale møteplassar mellom publikum og forskrarar frå heile universitetet. Vi er aktive og synlege i Midt-Norge, og har ein sentral posisjon som kunnskapsformidlar til allmenta. Vi leverer på NTNU sin ambisjon om å skape interesse og forståing for vitskap og nyskaping blant barn og ungdom.

Vi er aktive og tydelege i samfunnsdebatten og blir opplevd som relevante. Med utgangspunkt i vår fagkunnskap både startar og deltek vi i aktuelle debattar, særleg innom kulturminne-, natur-, og miljøforvaltningsfelta. Vi har ein strategisk og systematisk tilnærming til kommunikasjon.

Vi har høge ambisjonar for kvalitet, og investerer i kompetanseheving og positive sosiale fellesopplevelingar. Museet har høgt kompetente medarbeidarar på ei rekke spesialiserte funksjonar, og vi er attraktive for verdsleiane forskarar. Vi har individuelle karriereplanar for alle tilsette. Verksemda er prega av tverrfagleg aktivitet og samarbeid.

Nyskaping og innovasjon er ein del av tankesettet i heile verksemda. Vi har kultur for å skape og ei felles forventing om å utvikle og dele nye metodar og løysningar.

Berekraft ligg til grunn for heile verksemda. Vi utviklar kunnskap for ei betre verd, og for å nå berekraftmåla til FN.

## KJERNEOPPGÅVER

VÅRE VITSKAPELEGE SAMLINGAR

VÅR FORSKING

VÅR FORMIDLING

VÅR UTDANNING OG LÆRINGSMiljø

# 02



# VÅRE VITSKAPELEGE SAMLINGAR

## SAMLINGSSTRATEGIEN ER TUFTA PÅ FIRE PILARAR:

Samlingane vert bygd rundt den vitskaplege aktiviteten ved museet. Dette sikrar samlinga sin **relevans** for forsking.

**Berekraftig** innsamling, dokumentasjon og ivaretaking sikrar kvalitetsutvikling av samlingane.

**Nytteverdien** av samlingane blir auka gjennom fagleg tilrettelegging, dokumentasjon og digital deling.

**Det etiske regelverket til ICOM** set standard for samlingsforvaltninga.

## UTVIKLINGSMÅL

### NTNU Vitskapsmuseet skal:

Implementere og ta i bruk ein **samlingsplan** som grunnlag for faglege prioriteringar.

Utvikle ein **effektiv infrastruktur** for samlingane der areal, informasjonssystem, kompetanse og arbeidsprosessar er moderne og godt integrert.

Legge til rette for mange **samlingsbaserte forskingsinitiativ**.

Vidareutvikle ein offensiv politikk for at samlingar og data blir tilgjengelege og kan delast

NTNU Vitskapsmuseet sine vitskaplege samlingar er dynamiske og av høg kvalitet. Dei er tufta på den kultur- og naturhistoriske verksemda ved museet og er vår viktigaste forskingsinfrastruktur. Samlingane er i aktiv bruk i forsking, forvaltning, undervisning og publikumsverksemde ved at dei er sikra og tilgjengelege i gode og funksjonelle magasin.

Samlingane blir planmessig utvikla for å realisere nasjonale og internasjonale forskingsambisjonar. Samlingane og data knytt til desse er digitalt tilgjengelege for forsking, forvaltning og publikum.

Samlingane blir forvalta, sikra og teke vare på i samsvar med ICOM sine etiske retningslinjer. Samlingsforvaltninga blir styrka gjennom tverrfagleg og nasjonalt samarbeid.

Den vitskaplege kvaliteten på dei levande samlingane i Ringve botaniske hage er høg, og samlingane blir nytta i prosjekt innom forsking, forvaltning, undervisning og publikumsverksemde.

# VÅR FORSKING

## FORSKINGSSTRATEGIEN ER TUFTA PÅ FIRE PILARAR:

Utvikling av talent og **framifrå forskingsmiljø**

**Kvalitetsheving** i heile vår verksemd

Forsking basert på **vitskaplege samlinger**,  
dataseriar og forvaltningsmateriale

Forsking i og på **tvers** av disciplinar

## UTVIKLINGSMÅL

**NTNU Vitskapsmuseet skal:**

Styrke forskargrupper og rekruttere talent  
som kan **hevde seg internasjonalt**

Auke internasjonalt samarbeid og gjennomslag  
på søknadar om **forskinsfinansiering**

**Legge forskingsmessige** problemstillingar  
til grunn i arkeologiske undersøkinger, og  
aktivere resultat frå forvaltningsverksemda,  
samlingsmateriale og dataseriar i forskinga

Heve kvaliteten på vitskaplege publikasjonar  
og fremme **open tilgang** til både  
publikasjonar og forskingsdata

Ta ei aktiv rolle i NTNU sine **satsingsområde**

NTNU Vitskapsmuseet er ein attraktiv forskingspartnar og  
aktiv kunnskapsprodusent på høgt internasjonalt nivå for  
eit berekraftig natur- og kulturmiljø. Forskinsaktivitetene  
er organisert i grupper og er prosjektorientert.

NTNU Vitskapsmuseet driv forsking innom:

- taksonomi, systematikk, og evolusjonær historie
- økologiske prosessar og artane si utbreiing
- interaksjonen menneske – natur
- materiell kultur og kulturformer i eit langtidsperspektiv
- arkeologi og avansert teknologi
- dateringsmetodikk og utvikling av kronologiar

Vi er ein sentral nasjonal produsent av kunnskap og data  
til norsk miljøforvaltning og vi arbeider aktivt for at meir  
av forskinga skal være eksternfinansiert. Vi er nyskapande  
og framifrå når det gjeld digital deling av kunnskap.  
Museet er i front på open publisering (Open Access) og  
bidreg til kostnadsfri deling av kunnskap for brukarane.

# VÅR FORMIDLING

## FORMIDLINGSSTRATEGIEN ER TUFTA PÅ TRE PILARAR:

**Allmenn** kunnskapsformidling mot eit breitt publikum

Formidling av resultat frå forsking til **forskarsamfunnet** og studentar

**Bruksretta** forskingsformidling retta mot avgrensa grupper, som t.d. miljø- og kulturminneforvaltninga

## UTVIKLINGSMÅL

### NTNU Vitskapsmuseet skal:

Arbeide for å realisere nye **utstillingsareal** og sikre fornying av hovudutstillingane

Utvikle eit **mellomaldermuseum**

Utvikle museet si rolle som **formidlingsaktør for NTNU**

Bidra til auka kapasitet i **pedagogiske opplegg**, og styrke samarbeidet med lærarutdanninga

Etablere ei strategisk satsing på digital deling, og auke vår medverknad i **samfunnsdebatten**

NTNU si formidling skapar interesse og forståing for vitskap og nyskaping blant barn og ungdom. Vitskapsmuseet er sentralt i dette gjennom vår formidling basert på oppleveligar. Kalvskinnet er eit levande knutepunkt også fram mot realisering av nye utstillingslokale. Vi utviklar arenaer der publikum, særleg barn og familiar, møter vitskap og teknologi på ein samfunnsengasjerande og nyskapande måte.

Utstillingsverksemda er styrt etter ein tydeleg og langsiktig plan, der målgrupper, profil og finansiering går klart fram. Hovudutstillingane til museet blir fornye og vidareutvikla. Alle elevar i Trøndelag opplever det pedagogiske programmet til museet under grunnskoleløpet, anten ved at dei besøker museet i Trondheim, dei botaniske hagane eller gjennom opplegg i lokalmiljøet.

Våre vitskapleg tilsette er aktivt involvert i arrangement mynta på publikum.

NTNU Vitskapsmuseet er eit førande og nyskapande nasjonalt miljø for digital kunnskapsdeling. Vi deler både resultata av og prosessane bak forskings- og samlingsaktiviteten. Vi er tydelege og relevante i samfunnsdebatten, både gjennom å sette dagsorden og å gjere vår kompetanse og ekspertise synleg.

# VÅR UTDANNING OG LÆRINGSMILJØ

## UTDANNINGSSTRATEGIEN ER TUFTA PÅ TRE PILARAR:

Utdanning av **framifrå kandidatar** til forsking, forvaltning og museale oppgåver

### Kvalitet i utdanninga

Utvikling av eit godt og **praksisnært læringsmiljø**

## UTVIKLINGSMÅL

### NTNU Vitskapsmuseet skal:

Bidra med utdanning og rettleiing med utgangspunkt i **det aktive fagmiljøet ved museet**

Legge til rette for internasjonal **studentmobilitet** og være ein attraktiv vertsinstitusjon

Tilby nyskapande og **praksisnære læringsmiljø**

Utdanne **ettertrakta kandidatar** med kunnskap til å løyse framtidige samfunnsutfordringar.

NTNU Vitskapsmuseet gir attraktive studietilbod der undervisning og rettleiing er basert på forskingskompetansen, infrastrukturen og verksemdsområda ved museet.

Rettleiinga på master- og ph.d.-nivå er knytt til museet sine aktive forskargrupper. Vi bidreg aktivt i nasjonale og internasjonale forskarskolar.

Museet er tett knytt til samfunnet. Gjennom våre lovpålagde oppgåver har vi god kontakt med offentleg sektor, næringsliv og publikum. Studentane tar aktivt del i dette gjennom sitt utdanningsløp.

Læringsmiljøet ved museet er leiande i nasjonal samanheng ved at studentane blir utdanna med direkte bruk av magasin, samlingar og utstillingar. Feltundervisning og bruk av avansert teknologi er vesentleg og integrert i utdanninga.

## UTVALDE INNSATSOMRÅDE

ARBEIDSMILJØ OG UTVIKLINGSEVNE  
BEREKRAFT  
CAMPUSUTVIKLING  
DIGITALISERING  
INNOVASJON OG NYSKAPING  
REGIONAL ROLLE

# 03



# ARBEIDSMILJØ OG UTVIKLINGSEVNE

NTNU Vitskapsmuseet er ein attraktiv og fagleg utfordrande arbeidsplass. Vi har kompetanse, økonomi og infrastruktur som sikrar at vi drifter og utviklar ein moderne museumsinstitusjon. Vi har høg fagleg truverd, og kan møte endringar, behov og forventningar frå samfunnet rundt oss. Våre leirarar utviklar organisasjonen og medarbeidarane gjennom profesjonell styring og god involvering. Saman skaper vi resultat gjennom positiv samhandling. Alle tar ansvar for helse, miljø og sikkerheit. Gjennom rett rekruttering og god karriere- og leiarutvikling bygger vi ein organisasjon som effektivt støtter den faglege verksemda.

## UTVIKLINGSMÅL

### NTNU Vitskapsmuseet skal:

Vise god **endringsvilje** for å møte nye rammevilkår og forventningar frå samfunnet

Legge vekt på og arbeide for **mangfold og god kjønnsbalanse** blant dei tilsette

Rekruttere leirarar og medarbeidarar med **rett kompetanse**, og sikre at alle har personlege karriereplanar

Ha ressursstyring som bidreg til meir fagleg aktivitet og gir **handlingsrom** for strategiske prioriteringar og fornying

Iverksette **digitaliseringstiltak** og forbetingar som støtter opp under heilskaplege, standardiserte rutinar og arbeidsprosessar

# BEREKRAFT

I 2025 har NTNU Vitskapsmuseet bidrege til at berekraftsmåla til FN er på god veg til å kunne bli oppnådd innan 2030. Vi bidreg både gjennom forsking, utdanning, formidling og forvaltning og også gjennom god drift.

Vi både produserer kunnskap som er viktig for å nå berekraftsmåla og har implementert berekraftambisjonar i vår daglege drift og aktivitetar.

Naturen sjølv kan hjelpe til med å levere berekraftige løysingar, bygd på naturlege økosystem og tenestene desse gir. Med utgangspunkt i kunnskapen Vitskapsmuseet sine forskarar har om natur og kultur og samspelet natur-kultur, vil vi bidra til å identifisere og utvikle slike mulegheiter.

## UTVIKLINGSMÅL

### NTNU Vitskapsmuseet skal:

Utvikle vidare vår leiande forsking og formidling knytt til **artar, naturtypar og kulturmiljø** som verker inn på og blir påverka av menneskeskapte faktorar

Utvikle **formidlingsaktivitetar** knytt til bærekraftspørsmål

Implementere gode alternative møtefasilitetar og **berekraftig arbeidsflyt** støtta av digitale løysningar

Greie ut om **miljøsertifisering** av dei ulike verksemndene ved museet

# CAMPUSUTVIKLING

Kalvskinnet er eitt av dei mest sentrale områda på NTNU sin campus i Trondheim. Området har fått et vesentleg løft med nye bygg og mange fleire studentar. Skolene på Kalvskinnet bidreg også mykje ung energi inn i miljøet.

Posisjonen til Forskingstorget som er ein utomhusfestival på Kalvskinnet er styrkt, og trekker mange besökande dei åra festivalen blir arrangert. Dette er med på å styrke statusen området har som formidlingsknutepunkt i Trondheim.

Mange tidlegare sosiale institusjonar og museum i Midtbyen generelt, og på Kalvskinnet spesielt, er med på å skape gode rammer for historiefortellingar i tid og rom. Kunnskapstradisjonen som NTNU er eit resultat av, er sterkt i dette området, og kan nyttast som bakgrunn for å fortelje historia om universitetet og byen.

## UTVIKLINGSMÅL

### NTNU Vitskapsmuseet skal:

Være **NTNU sitt vindauge** midt i Trondheim og ein møteplass mellom studentar, forskrarar og allmenta

Sikre **moderne magasin**

Utvikle spennande innhald i **nybygde utstillingsareal**

Bidra til **Eitt NTNU**

# DIGITALISERING

Vitskapsmuseet ser digitalisering i eit breitt perspektiv. For oss er digitalisering både plattformer for deling og formidling, deling av datastraumar og tilrettelegging av fagleg informasjon, arbeidsprosessar som kan hjelpe oss til å få raskare resultat, samt kommunikasjon og høve til å presentere kunnskap. Vi legg stor vekt på bestepraksis og universell utforming.

Vi er i leiinga nasjonalt på digital deling, og deler store datamengder i internasjonale nettverk. Vi hentar ut potensialet som ligg i folkeforsking (citizen science).

Den tekniske infrastrukturen som skal støtte samlingsarbeidet, både med omsyn til samlingsdata og foto, er modernisert og er viktig for å nå våre mål. Vi ønsker interaksjon med publikum, brukarar og forsking. Vitskapsmuseet utviklar ei kompetanseklynge for digital satsing. Dette er ein «hub» for relevant kunnskap, som både sikrar kontinuitet og framdrift i utviklings- og forbetningsprosjekt.

## UTVIKLINGSMÅL

### NTNU Vitskapsmuseet skal:

Utvikle ein **felles plattform** for tilgjengelege data frå dei vitskaplege samlingane, og gjere datasetta kjent gjennom oversiktleg presentasjon

Etablere ei god **organisering og arbeidsflyt** som bidreg til digital tilnærming og til utvikling av digitale løysingar til sjølvsagte satsingar i heile verksemda

Betre **teknick infrastruktur for samlingsverksemda**, inkludert automatisering av prosessar

Ta i bruk innovative og engasjerande **digitale formidlingsmetodar**

# INNOVASJON OG NYSKAPING

NTNU Vitskapsmuseet har oppnådd større merksemd og medvit om omfanget av våre innovative og nyskapande aktivitetar. Vi har bygd vidare på den gode kulturen for deling og samarbeid, og legg til rette for open innovasjon. Vi verdset gode forslag og løfter fram gode idear.

Vi bruker våre vitskaplege samlingar som infrastruktur til å løyse samfunnsrelevante spørsmål. Vi er tidleg ute i å ta i bruk ny teknologi og nye løysingar i vår verksemd. Vitskapsmuseet har som det einaste museet i landet både laboratorium, forskingskompetanse, dateringsfasilitetar og samlingsmateriale i ein og same organisasjon.

Vitskapsmuseet spelar aktivt på lag med NTNU sine teknologimiljø. Gjennom vår forvaltningsaktivitet og oppdragsforsking ligg det godt til rette for å vidareutvikle metodar og kunnskap. Vi bidreg til utvikling av ny teknologi gjennom bruk og testing i forskinga. Vi samarbeider også med teknologane om å utvikle innovative formidlingsopplevingar.

I samarbeid med blant anna lærarutdanninga utviklar vi innovative undervisningsopplegg som blir tatt i bruk både i utstillingane, i dei botaniske hagane og gjennom lokale opplegg. Vi er eit levande laboratorium for praksisnær pedagogisk utdanning, og ein aktiv deltakar i Universitetskommune-satsinga.

## UTVIKLINGSMÅL

### NTNU Vitskapsmuseet skal:

Bygge kultur for **innovasjon** initiert og drive av medarbeidarar i heile organisasjonen

Få fram **potensialet** for innovasjon basert på dei **vitskaplege samlingane**

Skape innovative **formidlingsopplevingar i byrommet**

Utvikle alternative **pedagogiske undervisningsmetodar** og arenaer

# REGIONAL ROLLE

Vitskapsmuseet har som forvaltningsmuseum for arkeologi ansvar for kulturminneforvaltninga mellom Romsdalsfjorden i sør og Saltfjellet i nord. Dette femner arkeologiske undersøkingar, konservering og ivaretaking av gjenstandar, og forsking og formidling av arkeologiske funn. Vi låner ofte og gjerne ut gjenstandar frå samlinga vår til andre institusjonar som ønskjer å stille desse ut.

Museet utfører oppdrags- og tilskotsforskning for naturforvaltninga, er ein viktig premissleverandør og bruker kunnskapen til å bidra til berekraftige løysningar.

Fylkesplanane til dei tre fylka vi er landsdelsmuseum for, har fokus på bulyst, livskvalitet, verdiskaping, kompetanse, omstilling og integrering. Museets leverer her både kunnskap, som samarbeidspartner med næringsliv og som formidlingsaktør. Særleg vil vi utvikle gode historiefortellingar som bidreg til lokal identitet, og som dessutan også har interesse for tilreisande.

## UTVIKLINGSMÅL

### NTNU Vitskapsmuseet skal:

Være ein **tydeleg museumsinstitusjon**  
for landsdelsområdet vårt

Bidra til **berekraftig regional kultur- og naturforvaltning**

Styrke innsatsen mot **opplevelingsbasert reiseliv**  
tufta på våre samlingar og kunnskap

# FRÅ VISJON TIL VEREKELEGHEIT

## 2018–2025

NTNU Vitskapsmuseet sine strategiar blir operasjonalisert gjennom ein tiltaksplan med eit tidsperspektiv på tre år. Denne omfattar konkrete tiltak og føringar som er gyldige på tvers av verksemda. Det ligg også føre handlingsplanar og planar som går meir i djupna på fleire område knytt til kjerneaktivitetane og innsatsområda både felles for museet og på institutt/seksjonsnivå.